



Voss herad

KUNNSKAPSGRUNNLAG

Planstrategi 2024 – 2027, revisjon KPS/ KPA og strategisamling til økonomiplan 2025-2028

November 2024/ **januar 2026**

VOS2
❖ bygd for sterke opplevingar

Innhald

Kunnskapsgrunnlaget gjev oversikt over nasjonale og regionale føringar, status, viktige utviklingstrekk og utfordringar for Voss herad. Dokumentet vil verta lagt til grunn i arbeidet med kommunal planstrategi 2024 – 2027 og anna relevant planarbeid i kommunen i åra som kjem.

Tema som dokumentet ser nærare på er:

- Voss som del av verda
- Nasjonale og regionale føringar
- Aktuelle kommunale planar
- FN17 Voss
- Folketalsvekst og samansetjing
- Næringsliv og pendling
- Helse
- Tidleg innsats og førebygging
- Oppvekst og læring
- Kultur og frivilligheit
- Regionsenter og levande bygder
- Transport og infrastruktur
- Tillit og lokaldemokrati
- Kommuneøkonomi
- Risiko, flaum og samfunnstryggleik
- Vegval





Voss herad



VOSS SOM DEL AV VERDA

VOS2
❖ bygd for alle



FNs BEREKRAFTSMÅL



FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, redusera ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Alle land i verda er involvert i arbeidet.


Korleis ligg Noreg an i arbeidet med å nå berekraftsmåla?

I Noreg har me komme langt i arbeidet med å nå berekraftsmåla, men me har framleis ein veg å gå for å løysa samfunnsutfordringane me står ovanfor.

<https://berekraft.regjeringen.no/baerekraftsmalene-i-norge/>

[Mål med mening](#)

[Voluntary national review](#)




Parisavtalen

Parisavtalen er en internasjonal avtale som skal bidra til at landa i verda stoggar klimaendringane.

Noreg har under Parisavtalen tatt på seg ein forpliktelse til å redusera utsleppa av klimagassar med minst 50 prosent og opp mot 55 prosent i 2030 samanlikna med nivået i 1990.

Noreg har meldt inn eit forsterka klimamål under Parisavtalen. Regjeringa ynskjer å oppfylle det forsterka målet saman med EU.

[Parisavtalen](#)



Ny naturavtale

Naturavtalen er ein internasjonal avtale som handlar om å redde og ta vare på natur- og biomangfaldet i verda.

Verda har aldri satt seg så høge mål om naturvern og mangfald før. Naturavtalen – med tittelen «*Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (GBF)*» skal bidra til å stoppa den menneskelege øydelegginga av naturen, og begynna å gjenoppretta det som allereie har gått tapt.

Avtalen har fire mål og 23 delmål, som alle land på COP15 forplikta seg til å nå innen 2030.

[Ny naturavtale](#)



FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

Konvensjonen skal bidra til å motverke diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Han skal sikre respekt for dei gjeldande sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettane til menneske med nedsett funksjonsevne.



CRPD står for "Convention on the Rights of Persons with Disabilities". Konvensjonen vart vedtatt av FNs generalforsamling i 2006 og tredde i kraft i 2008.

<https://www.regjeringen.no/no/tema/likestilling-og-mangfold/likestilling-og-inkludering/konvensjoner/fn-konvensjonen-om-rettar-til-menneske-med-nedsett-funksjonsevne-crpd/id2426271/>

FN sin konvensjon om barnerettane

- FNs konvensjon om barnerettane (Barnekonvensjonen) er ein internasjonal avtale om born sine rettigheter.
- Barnekonvensjonen er også kalla borna si eiga grunnlov.

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>





Voss herad

NASJONALE FØRINGAR

VOS2
❖ bygd for alle

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 - 2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremja en berekraftig utvikling i heile landet. Fylkeskommunane og kommunane skal fylgja opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar.

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 - 2027](#)



Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Vedtatt ved kongelig resolusjon 20. juni 2023



Kommunal- og distriktsdepartementet

Statlege planretningsliner

Kommunal- og distriktsdepartementet er øvste planmynde. Føringer for samfunns- og arealplanlegging vert gitt gjennom nasjonale forventningar og m.a. statlege planretningsliner.

Fylgjande statlege planretningsliner gjeld:

- Statlege planretningsliner for **arealbruk og mobilitet** (2025)
- Statlege planretningsliner for **klima og energi** (2024)
- Statlege planretningsliner for **differensiert forvaltning av strandsona** langs sjøen (2021)
- Rikspolitiske retningsliner for **barn og planlegging** (1995)
- Rikspolitiske retningsliner for **verna vassdrag** (1994)

[Nasjonale føringer og planoppgaver - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)



Perspektivmeldinga

«Perspektivmeldingen drøfter langsiktige utfordringer i norsk økonomi.

Hovedutfordringer som belyses, er:

- **Kamp om arbeidskraften:** Omsorgsoppgavene blir flere, men vi blir ikke flere i yrkesaktiv alder til å utføre dem.
- **Behov for omstilling:** Økte spenninger i verden, klima- og naturendringer og avtagende petroleumsaktivitet fører til endringer og forsterker behovet for å bruke ressursene godt og riktig.
- **Fortsatt god fordeling:** Små forskjeller og stabil tilgang på velferdstjenester må bevares i møte med omstillingene og at mange lever lenger.»

[Perspektivmeldingen 2024](#)

Meld. St. 31

(2023–2024)

Melding til Stortinget

Perspektivmeldingen 2024



«**Totalberedskapskommisjonen** ble oppnevnt ved kongelig resolusjon 21. januar 2022 for å vurdere hvordan de samlede beredskapsressursene kan benyttes best mulig. Hele krisespektret ligger til grunn for kommisjonens mandat.

Kommisjonens drøfting av det helhetlige risiko-, sårbarhets- og trusselbildet tar utgangspunkt i fire faktorer som treffer Norge bredt:

- Stormaktsrivalisering
- Teknologisk utvikling
- Klimaendringene
- Demografiske endringer

Disse faktorene er utgangspunktet for kommisjonens vurdering av den samlede beredskapen i Norge i et perspektiv på 10 til 20 år. Utviklingen i utfordringsbildet gjør at vi må ta høyde for flere langvarige og mer sammensatte hendelser og kriser.

Alvoret i den sikkerhetspolitiske situasjonen og de globale trendene som utfordrer den nasjonale beredskap en vår, gjør at det haster å styrke norsk beredskap. Kommisjonen vurderer hvordan beredskapsstrukturen er i dag, og hvilke endringer kommisjonen mener er nødvendige for å utvikle en sammenhengende og robust beredskapsstruktur, på lokalt, regionalt og sentralt nivå.»

Nå er det alvor

Rustet for en usikker fremtid



Nasjonal transportplan (NTP)

Nasjonal transportplan (NTP) 2025–2036 vart lagt fram våren 2024.

Meldinga om Nasjonal transportplan 2025–2036 presenterer regjeringens transportpolitikk og langsiktige plan for utforming av transportsystemet. Det overordna transportpolitiske målet er «*Et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i hele landet i 2050.*»

I ny Nasjonal transportplan vrir regjeringa innsatsen i retning drift, utbetring og vedlikehald, og 40 % av ramma av ny NTP går til vedlikehald og fornying.

[Meld. St. 14 \(2023–2024\)](#)

Meld. St. 14


(2023–2024)

Melding til Stortinget

Nasjonal transportplan 2025–2036



Andre relevante nasjonale føringar





Voss kommune

REGIONALE FØRINGAR

VOS2
❖ bygd for alle

Regional planstrategi 2024 - 2027


«Vestland står midt i ei endrings- og moglegheitstid. Global epidemi og sikkerheitspolitiske utfordringar gjer uvisse og uro for framtida. Utfordringar for enkeltindivid og for samfunnet vert forsterka. Det gjeld natur- og klimakrisa, aukande sosial ulikskap og uhelse, behov for omstilling av næringsliv og ein sterk arbeidsmarknad.

Samstundes er det mykje positivt å spore i regionale utviklingstrekk. Vestlandssamfunnet grip fatt i nye og spanande utviklingsmoglegheiter, og skapar tiltru til framtida i by og bygd. Utviklingsplanen er det viktigaste strategiske verktøyet for å møte både utfordringar og moglegheiter. Vi må verte enda betre på samordning og samarbeid for å skape det samfunnet vi vil ha».


[upvl-2024-2028-regional-planstrategi.pdf](#)




Mål og strategiar i Utviklingsplan Vestland 2024-2028



Andre relevante regionale føringar



Er utfordringar i Vestland utfordringar i Voss?



Hovudutfordringar og delutfordringar i Vestland. Sterke fargar øvst med hovudutfordringar. Tre delutfordringar i svakare fargar under. Pilene synleggjer arbeidet gjennom kvar hovudutfordring som saman kan løysast gjennom samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.



Voss herad

AKTUELLE KOMMUNALE PLANAR

VOS2
❖ bygd for alle

Kommuneplan 2020 - 2032

Kommuneplanen er det overordna styringsdokument for Voss herad. Planen peikar ut retninga for heradet som samfunnsplanleggjar, utviklar og tenesteprodusent.

Kommuneplanen omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel, og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad, er at me skal vera eit sterkt regionsenter med levande bygder.

[Kommuneplan 2020 - 2032](#)



VOSS HERAD 2020-2032

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL
PLANOMTALE



Revidert 17.09.20

VOS2
bygd for sterke opplevingar

VOS2

Økonomiplan


Økonomiplan og budsjett er viktige styringsdokument for Voss herad.

Økonomiplanen gjeld for fire år og vert rullert kvart år. Økonomiplanen er retningsgjevande for utgifter, inntekter og prioriterte oppgåver i perioden.

Årsbudsjettet utgjer økonomiplanen sitt fyrste år og er detaljert jobba fram saman med tenesteområda.

Driftsbudsjettet har no passert 2 milliardar kr årleg og investeringsbudsjettet ligg på 50-250 mill. kr årleg.

[Økonomiplan og budsjett](#)




Folkehelseoversikt 2024 - 2027

[Folkehelselova](#) pålegg kommunar og fylkeskommunar å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga med dei positive og negative faktorane som kan verka inn på helse.

Oversikta skal ha ei særleg merksemd på trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseskilnader.

Folkehelseoversikta vil utgjera ein viktig del av det langsiktige og systematiske folkehelsearbeidet i kommunen. Føremålet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar befolkninga si helse og utjamnar sosiale helseskilnader.

Folkehelseoversikt 2024 – 2027 vert lagt fram i november 2023



VossaROS

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Denne rolla er tydeleggjort gjennom kommunal beredskapsplikt (lovfesta i forskrift) som pålegg den enkelte kommune å arbeida heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap.

Kommunal beredskapsplikt er heilskapleg og sektorovergripande. Grunnlaget for eit godt kommunalt samfunnssikkerheitsarbeid er medvit og kunnskap om risiko og sårbarheit gjennom ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). ROS-analysen skal gje kunnskap om kva risiko og sårbarheit som finst i Voss herad. Analysen skal vidare brukast til å redusera sannsynet for at ei uønskt hending skjer, og for å redusera konsekvensar dersom ei uønskt hending skjer.

[VossaROS 2023](#)

VossaROS 2023

OVERORDNA RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE FOR VOSS HERAD

Everybody has a plan until they get punched in the mouth.

-Mike Tyson-



Foto: Gunnar Berge

Vossaklima 2030



Direkte utslepp

Innan 2030 er dei direkte klimagassutsleppa i Voss herad redusert med 69% samanlikna med 2005.



Klimarobust Voss

Voss herad si evne til å tåla klimaendringar er styrka fram mot 2030. Bygda vår skal utviklast slik at me er rusta for endringar som er forventar fram mot 2050.



Vossanatur og areal

Voss herad skal sikra at all framtidig arealutbygging er arealnøytral og unngå vidare nedbygging av areal med høg karbonlagring.



Vossakraft og energi

Voss herad skal arbeida aktivt for at krafta vår kan nyttast lokalt. Satsing på framtidsretta bustader og bygg skal gje energisparing.



Vossingane sitt klimafotavtrykk

Voss herad sitt bidrag til klimagassutslepp utanfor kommunegrensene er monaleg redusert innan 2030 samanlikna med i dag.



Innovative Voss

Me skal ta i bruk innovative klima- miljø og energiteknologiar.



Attraktive Voss

Voss skal vera eit berekraftig reisemål i framtida



Inkluderande Voss

Me skal sikra at klimasatsinga vår ikkje rammar urettvist.

Voss i vekst

Arbeidslivet på Voss må ha tilgang på nok og rett kompetanse. Målet med temaplanen Voss i vekst er å finna ut kva som må til og korleis me skal sikra dette. For å kunna leggja til rette for å skaffa nok og rett kompetanse, skal Voss herad jobba med tre innsatsområde:




SNU Voss

Strategisk næringsutvikling i Voss herad

Hovudformålet med SNU Voss er å sørge for at Voss herad er i vekst og er ein føretrekt stad å vidareutvikla og etablera berekraftige verksemder og næringar.

Satsingsområda i SNU Voss er:

- ❖ Omstilling, innovasjon og berekraft
- ❖ Haldningar og samarbeidsprosjekt
- ❖ Vertskapsrolla
- ❖ Møteplassar
- ❖ Infrastruktur
- ❖ Kompetanse




Trafikksikringsplan

Trafikksikkerheit handlar om å kunna bevega seg trygt i eige lokalmiljø, anten som fotgjengar, syklist, bilist – barn, ungdom eller vaksen.

Kommunen har ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet. Som vegeigar, har kommunen også eit spesifikt ansvar for trafikksikringstiltak på kommunale vegar.

Voss herad sitt trafikksikringsarbeid byggjer på regjeringa sin nullvisjon om null drepne eller hardt skadde i trafikken. Visjonen vert fylgt opp og forsterka i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2022 – 2025 og Regional transportplan for Vestland 2022 - 2023.

[Trafikksikringsplan](#)



Bustadsosial handlingsplan

Gode butilhøve er viktig for å kunne leva eit godt liv, få danna seg familie, vera i arbeid og for å kunna ta vare på eiga helse.

Med bustadsosial handlingsplan skal heradet på systemnivå, individnivå og relasjonelt nivå førebygga at innbyggjarar får problem med eigen bustadsituasjon.

Alle innbyggjarar skal kunne skaffa seg og behalda ein eigna bustad. Innbyggjarar som ikkje er i stand til å skaffa bustad sjølv skal få eit heilskapleg og tilpassa butilbod slik at dei vert i stand til å meistra eigen busituasjon.

[Bustadsosial handlingsplan](#)



Demensplan

Demens vert lyfta fram som ei stor utfordring heile verda står ovanfor, det rammar både yngre og eldre, og det rammar mange. Utfordringa med at me vert stadig fleire eldre, og då at stadig fleire får demens, råkar vossabygda hardare enn mange andre stadar. Det er difor viktig at me finn berekraftige løysingar og at tenestene våre er framtidsretta

Med Demensplan 2023 – 2030 skal me arbeida målretta og systematisk for at Voss herad vert ein demensvenleg kommune der personar med demens vert sett, høyrte og akseptert. Slik skal me også tryggja at alle eldre i bygda vår får ein verdig alderdom.

[Demensplan 2023 - 2030](#)



Sentrumsplan

Vossevangen skal vera eit levande og attraktivt regionsenter. For å sikra ei langsiktig og god utvikling er det vedtatt ein områdereguleringsplan for sentrum.


Planen skal utvikla Voss til ein attraktiv plass å bu, besøka og driva næring, handla, oppsøkja tenester og treffast.

Voss har ein sterk identitet og særpreg. Sentrumsplanen må byggja opp under denne identiteten og vidareutvikla dette særpreget gjennom å ivareta kultur, historie og samstundes leggja til rette for ny utvikling med kvalitet. Kombinasjon av nytt og gammalt og å ta i vare ulike karakterar og særpreg i ulike delområde, skal styrka identiteten både lokalt og nasjonalt.

Ulike delar av sentrum har ulikt utviklingspotensiale.

I planen er det sikra 10 anbefalingar for ei langsiktig utvikling av sentrum.

[arealplaner.no | 12352018001 > Plandokumenter](https://arealplaner.no/12352018001/Plandokumenter)



Kulturmiljøplan

Voss er ei bygd med sterke tradisjonar. Utvalet av kulturminne, kulturmiljø og landskap er breitt og mangfaldig og blir teke godt vare på.

Kulturmiljø er grunnlag for identitet vår, og er med på å gjera ein stad eller ein by interessant. Å ta vare på særpreget og utvikla det vidare i respekt for verdiane dei representerer, er viktig for å kunna ta vare på og styrka identiteten til ein stad. Samtidig er kulturmiljøet ein ressurs i samfunnsutviklinga, og ligg til grunn for miljømessig, sosial og økonomisk berekraft i heradet.

Kulturmiljøet kan leggja grunnlaget for stadutvikling, næringsutvikling og styrking av lokal identitet. Planen er eit godt grunnlag for ei heilskapleg framtidig kulturmiljøforvaltning, og synleggjera koplinga mellom kulturmiljø og klima- og miljøpolitikken elles.

[Kulturmiljøplan](#)



KULTURMILJØPLAN 2022-2032

KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE, KULTURMILJØ OG
LANDSKAP I VOSS HERAD

PlanID: 2020005
Vedtatt i Utval for kultur og næring: 09.03.2022
Vedtatt i Heradstyret: 17.03.2022

Kulturkraft

Føremålet med kulturpolitikken i Voss herad er at alle skal ha fridom og høve til å leva fullverdige, meningsfulle liv, og vera med å utvikla sitt eige lokalsamfunn. Alle skal oppleva eit mangfaldig, raust og inkluderande samfunn, og ha tilgang til å kunna delta i kunst, kultur, idrett og friluftsliv heile livet.

Voss herad skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for kulturlivet. Ei god kulturforvaltning legg til grunn nær og respektfull samhandling, og samarbeid mellom heradet og lokalmiljøet, frivillige, lag og foreiningar, amatørutøvarar og profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar.

[Kulturkraft - Temaplan for kultur 2024 - 2032](#)



Frivilligpolitikk

Voss som dugnadsbygd har lange tradisjonar, stor kapasitet og opererer på nesten alle samfunnsområde. Dei mange frivillige laga har stort engasjement og kompetanse som bidreg til eit variert aktivitetstilbod, året rundt. Dette hadde ikkje vore mogleg utan alle dei som brukar fritida si på uløna arbeid for andre; dei frivillige ♥

Det skal opplevast meningsfullt å driva frivillig arbeid og då må samspelet med heradet vera enkelt, gjennomsiktig og oversikteleg. Voss herad skal stimulera til auka frivillig engasjement og aktivitet.

[Frivilligpolitikk Voss herad \(2024 - 2036\)](#)




Tidleg innsats og livsmeistring

Gjennom *Kommunedelplan - Tidleg innsats og livsmeistring* skal Voss herad, både på system- og individnivå, arbeida førebyggjande og helsefremjande. Me skal ha gode barnehagar og skular som fremjar helse, me skal gje tidleg hjelp ved behov og me skal arbeida for at alle barn og unge skal kjenna livsmeistring. Dette skal me gjera gjennom fire ulike strategiar med fylgjande underpunkt

- Strategi 1: Me prioriterar tidleg innsats og heilskapleg tilnærming
- Strategi 2: Me fremjar god helse og førebyggjer negativ utvikling
- Strategi 3: Me har barnehagar og skular av høg kvalitet
- Strategi 4: Me har kompetente tilsette - Det støttande stillaset

[Høyringsutkast - Tidleg innsats og livsmeistring](#)



Kapittel	
	Føreord →
Samandrag	→
Innleiing	→
Status og utfordringsbilete	→
Hovudmål - Slik vil me ha det	→
Strategi - Slik skal me få det til	→

Utvid for fleire kapittel ↻

Naturmangfaldplan

- Temaplan for naturmangfald samanfattar mål, utfordringsbilete, skildring av naturen i Voss herad, status og kunnskapsmanglar m.m. Planen er utarbeidd av Biofokus i samarbeid med intern arbeidsgruppe.
- Naturmangfaldplanen inneheld ein handlingsdel med kring 60 tiltak. Denne er utarbeidd av intern arbeidsgruppe, med bakgrunn i tilrådingane frå Biofokus, innspel som har kome gjennom medverknadsprosessar og behova heradet erfarer å ha.
- Til saman utgjer *Temaplan for naturmangfald i Voss herad* eit viktig verktøy for å kunna ta godt vare på naturmangfaldet i heradet.
- Naturmangfaldplanen vart vedteken 6. februar 2026



Verna område i Voss herad

- Vassdragsvern: Vossavassdraget oppstrauts Vangsvatnet, Øvstedalsvassdraget, samt Nærøydalsvassdraget, Granvinsvassdraget og Undredalselvi er varig verna mot kraftutbygging
- Naturreservat: Joberget, Granvindeltaet, Folkedal, Uranes, Kvanndal, Åkre og Vikane, Håmyrane, Lønaøyane, Rekvesøyane, Grånosmyrane og Fadnesskaret
- Landskapsvernområde: Stølsheimen og Nærøyfjorden
- Den lakseførande delen av Vossavassdraget har status som nasjonalt laksevassdrag

Jordvernstrategi

- NIBIO leverte kunnskapsgrunnlag til strategien, [Grunnlag for jordvernstrategi for Voss herad](#), våren 2025. Dette tar for seg produksjonspotensialet i Voss herad, og analyserer nedbygging og attgroing i perioden 2005 til 2024.
- Hovudmålet med jordvernstrategien:
- Voss herad har ein nullvisjon for nedbygging av dyrka jord. Det skal ikkje omdisponerast meir enn i gjennomsnitt 7 dekar dyrka jord årleg. Jordressursane i Voss herad skal haldast i hevd og ikkje gå tapt. Dette gjeld særleg dyrka jord, men også dyrkbar jord som kan dyrkast opp utan at det påverkar naturmangfaldet negativt.
- Strategien er bygd opp om seks tema som det er er knytt konkrete tiltak til:
1. Jordvern i planar; 2. Flytting og kompensering av matjord; 3. Omsyn til jordressursar i landbruksnæringa; 4. Hindra attgroing, og jordvern gjennom bruk; 5. Sikra matberedskapen og auka produksjonsmangfaldet; 6. Jordvern i utmark.
- Jordvernstrategien vart vedteken i heradsstyret 11.12.25.

Grunnlag for jordvernstrategi for Voss herad


NIBIO RAPPORT | VOL. 11 | NR. 75 | 2025



Vossingane – nett no




Folketalsutvikling Voss og Vestland



Årstal	Folketal Voss herad	Endring frå året før
2020	15 740	
2021	15 787	47
2022	15 875	88
2023	16 144	269
2024	16 471	327
2025	16 436	-35

Folketalframskriving, Voss herad




Dersom framskrivingane slår inn får me:


- Færre born i barnehage- og skulealder framover
- Fleire eldre enn born i nær 2040
- Forsørgerbyrde var 3,3 i 2010, 2,8 i 2023 og 2,4 i 2040
- 270 fleire mellom 80-89 år i 2030 og 423 i 2035, enn i 2024

Folketal 1986 – 2050, Vestland og Voss

Folketal for valt område 1986-2050




I 21 av 43 kommunar er det allereie fleire eldre enn barn




Vestland fylkeskommune/Kjelde: SSB tabell 07459 og tabell 13600

Tal barn vs eldre i Voss herad




I **2025** er det fleire eldre enn born i Vestland fylke. Dette er venta fyrst nærarer 2040 for Voss herad ([Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#))

Samansetjing av folketalet



Figurane viser alderssamansetjinga for Voss, Vestland og landet i 2024


Utdanningsnivå



Innvandring

Befolkningen etter innvandringskategori og kjønn

Figuren viser andel personer med bakgrunn avgrenset til Innvandrere i perioden 1986 til 2024 i Voss (t.o.m. 2019), Vestland (f.o.m. 2020), Vestland (f.o.m. 2020), Hordaland (t.o.m. 2019), Norge og Voss (f.o.m. 2020).



Befolkning og flytting i Voss kommune

Befolkning

Antallet innvandrere i Norge har mer enn tredoblet seg de siste tjue årene. Statistikken viser sammensetningen av befolkningen med innvandrerbakgrunn og hvordan denne har endret seg over tid.



Ved inngangen til 2024 var det bosatt

1 913

innvandrere i Voss (f.o.m. 2020)



Dette er en endring på **+291** personer siden inngangen til 2023



Flyktninger og deres familiemedlemmer utgjorde


45,2 prosent

av innvandrere i Voss (f.o.m. 2020) i 2024

Kvar kjem innvandringa frå?


Befolkning etter tidelt verdensregion

Figuren viser antall innvandrere fordelt etter verdensregion i 2024 i Voss (f.o.m. 2020).



Befolkning etter opprinnelsesland


Figuren viser personer fordelt etter landbakgrunn i 2024 i Voss (f.o.m. 2020).



Kven vert buande og kven flyttar?

Flyttingar til og fra kommunen etter innvandringskategori


Figuren viser antall flyttingar fordelt etter flyttekategori og bakgrunn i 2023 i Voss (f.o.m. 2020).



Statistikken viser antall flyttingar inn til eller ut fra valgt område blant innvandrere og øvrig befolkning. Det skilles mellom flytting fra eller til utlandet (innvandring og utvandring) og flytting til eller fra annan kommune i Norge (innflytting og utflytting).

Befolkning etter opprinnelsesland og botid

Figuren viser antall personer med botid i Norge avgrenset til 0–4 år fordelt etter landbakgrunn i 2024 i Voss (f.o.m. 2020).



Arbeid og levekår for innvandrere



I 2022 var

61,5 %

innvandrerkvinner i Voss (f.o.m. 2020) sysselsatt



mot **68 %** blant innvandrer menn



4,9 %

av innvandrere i Voss (f.o.m. 2020) var arbeidsledige i 2022



sammenliknet med **5,5 %** i 2021



I 2022 bodde

25,6 %

av innvandrere i Voss (f.o.m. 2020) i husholdninger med vedvarende lavinntekt



mot **6,3 %** av befolkningen uten innvandrerbakgrunn



I 2023 bodde


15,9 %

av innvandrere i Voss (f.o.m. 2020) trangt



mot **6,3 %** i resten av befolkningen


Busetting av flyktningar



Busetting av flyktningar i Voss herad, 2020-2024 ([IMDi](#)).

Flyttemønster

- Det er fleire som flyttar til Voss herad enn som flyttar frå, slik at nettoflyttinga vert positiv.
- Dei fleste som flyttar til Voss kjem frå Bergen, men ein del kjem og frå mindre nabokommunar (Ullensvang, Vaksdal, Ulvik) og Oslo





Voss herad

NÆRINGS LIV OG PENDLING

VOS2
❖ bygd for sterke opplevingar



Voss ligg på 81. plass i Kommune NM – ned frå 65.plass i 2024 grunna økonomi

Kommune	▲ Total	Total i fjor	Næringsliv	Arbeidsmarkedet	Demografi	Kompetanse	Kommuneøkonomi
Voss	81	67	110	63	98	187	189
Stryn	82	76	128	28	183	260	193
Askøy	83	74	30	198	70	117	97
Rana	84	117	90	135	223	45	111
Oppdal	85	62	63	136	90	148	129
Malvik	86	96	130	159	78	122	46
Horten	87	89	104	248	208	6	87
Hitra	88	113	200	156	26	137	44
Rauma	89	72	50	98	228	175	139
Fjaler	90	164	246	53	168	56	138

«Kommune-NM måler kommunens økonomiske bærekraft og potensiale for vekst, slik sett kan en si at kåringen også måler attraktivitet for næringslivet. Kommune-NM måler ikke politikk eller næringsvennlighet direkte. Kommuner som rangeres høyt i Kommune-NM har gjerne høy yrkesdeltakelse, høy andel private jobber, en ung og kompetent arbeidsstyrke, høy næringsvariasjon og god kommuneøkonomi.» ([lenkje](#))

Næringslivet på Voss

Landbruk

Reiseliv
Handel
Bygg og anlegg

Sirkulære Voss

Andre

Landbruk

Landbruk er ei stor og viktig næring for Voss, både for sysselsetting og verdiproduksjon, mattryggleik, kulturlandskap, naturmangfald og identitet. Ein forventar utvikling i skjeringspunktet mellom landbruk, reiseliv og sirkulære næringer i tida som kjem.

Reiselivet er ein katalysator for dei to største næringane på Voss; **handel og bygg og anlegg**. For reiselivet er det viktig å sikra jamn trafikk. Hovudstrategien er å sikra meir **trafikk midt i veka og i skuldersesong**. Kortreiste gjester er i fokus.

Satsinga på **sirkulære næringer** har for alvor skote fart i 2025. Biogassanlegget til BIR er opna og BIR og Voss herad har etablert **Voss Virka**. Voss Virka AS er eit allmennyttig selskap som skal bidra til å byggja sirkulære verdikjeder med utgangspunkt i biogassanlegget. Alt overskot går tilbake til føremålet. Som ein nøytral tredjepart legg selskapet til rette for samarbeid, skapar tillit mellom aktørar og får i gang prosjekta som kan bana veg for nye industrielle løysingar. Eigarskap: Voss herad (76 %) og BIR AS (24 %)

Potensialet for nye klynger må også vurderast i komande periode. Det er eit stort potensiale for å koplå Voss på ulike kompetansemiljø i Bergen.

Sentrale utfordringar representerer også moglegheiter...



Kompetanse og ressursar

Rett og nok kompetanse, fulltid og sesong

Strategiske nyetableringar

Satsinga må koplast til bustadsituasjonen. Viktig å aktivere eksisterande bygningsmasse raskt



Eldrebølga

Potensiale for næringsutvikling mot attraktiv målgruppe

Lokalt tiltak med stort nasjonalt næringspotensiale (reiseliv, helse, etc)



Tilgang til kapital

Sikra forankring hjå vlrkemeddelapparatet. Eit stort uutnytta potensiale for Voss

Meir strategisk bruk av kommunale midlar og ressursar

Etableringa av Hardanger- Voss fondet er viktig for næringslivet på Voss




Samarbeid

Tverrfagleg arbeid i heradet
Godt samarbeid mellom herad, næringshage og næringsråd
Regionalt samarbeid

Syssselsetting


Syssselsette i Voss herad per 4. kvartal etter bustad



- Syssselsettinga etter bustad i Voss herad seier noko om kor mange som er busett i kommunen som har jobb
- Vekst på omtrent 8% frå 2008 til 2023
- Frå 2019 til 2020 vart syssselsettinga redusert med omtrent 150, men i 2021 var me tilbake på 2019 nivå igjen

Sysseisseting

Sysseissette i Voss herad etter arbeidssted, 2023



- Ved utgangen av 2023 var helse og sosialtenester den næringa med flest sysseissette på Voss. Varehandel, bygg- og anlegg og undervisning er også store næringar i heradet.
- Jordbruk, skogbruk og fiske er den næringa med størst nedgang frå 2013

Fordeling sysselsatte per næring

Næring	2013	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2013-2023
Helse- og sosialtjenester	1759	1862	1861	1868	1867	1896	7,8 %
Varehandel, reparasjon av motorvogner	1060	1089	998	995	935	962	-9,2 %
Bygge- og anleggsvirksomhet	1042	1009	989	972	981	940	-9,8 %
Undervisning	668	692	706	701	721	730	9,3 %
Transport og lagring	411	474	478	466	483	480	16,8 %
Overnattings- og serveringsvirksomhet	431	399	329	403	413	426	-1,2 %
Jordbruk, skogbruk og fiske	390	352	362	353	366	349	-10,5 %
Industri	365	394	393	389	376	341	-6,6 %
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	319	309	318	317	325	320	0,3 %
Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	245	274	264	286	307	306	24,9 %
Personlig tjenesteyting	234	287	294	302	302	305	30,3 %
Forretningsmessig tjenesteyting	142	207	204	225	224	234	64,8 %
Elektrisitet, vann og renovasjon (2019)	97	116	:	:	:	:	
Finansiering og forsikring (2019)	74	66	:	:	:	:	
Uoppgitt	29	64	57	50	52	57	96,6 %
Informasjon og kommunikasjon (2019)	75	56	:	:	:	:	
Bergverksdrift og utvinning (2019)	6	20	:	:	:	:	

Landbruksbygda Voss – korte fakta

- 95 mjølkebruk – 18.000 tonn mjølk
- 245 føretak med sau (2023)
- 14 fruktprodusentar (dei fleste i Hardanger-Voss)
- 74% av landbruksføretaka har dyr på utmarksbeite, organisert beitebruk
- Ca 30.000 småfe på utmarksbeite i 2023
- 3.500 storfe på utmarksbeite
- 35.000 daa fulldyrka, 5.600 daa overflatedyrka og 15.000 daa innmarksbeite
- Over 99% av arealet er nytta til grovfôr
- 20% av føretaka nyttar gjødsling med nedlegging og slepeslangar, tilsaman 10.000 daa – ca. 25% av fulldyrka /overflatedyrka areal er gjødsla på denne måten



Reiselivsbygda Voss – korte fakta

- Sysselsetting i reiselivet på Voss 2022: [925](#)
- Kommunale skatteinntekter frå sysselsatte i reiselivet var i 2022 24,2 millionar (tal frå NHO)
- Verdiskaping i reiselivet på Voss 2022: 456 MNOK (Visit Norway tal)
- Overnattingar totalt 2023: 353 904 (hotell, camping, hytter og liknande, SSB)
- Gjennomsnittleg opphaldstid;
 - Norske turistar: 2 døger
 - Utanlandske turistar: 1,6 døger
- Visit Voss er reiselivet sin medlemsorganisasjon og har 45 medlemmer
- Voss er merka som berekraftig reisemål gjennom Innovasjon Norge si [merkeordning](#), der blir me målt på tiltak innan sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.
- [Voss reiselivsstrategi](#) ligg under SNU – plan for strategisk næringsutvikling i Voss herad og vart vedteken i 2022. Strategien er førande for utviklinga av næringa.
- I 2024 vart det oppretta ei formell destinasjonsleiing på Voss, samansett av eit breitt utval aktørar i heradet, og leia av Voss herad. Destinasjonsleiinga skal styrke gjennomføringa av reiselivsstrategien.



Visit Voss gjennomfører annakvart år ei omfattande [innbyggerundersøking](#) for å overvåka utviklinga i bygda. Nokre viktige funn frå 2024;

- 90 % meiner reiselivet er viktig med tanke på arbeidsplassar, næringsutvikling, bulyst og trivsel
- 81 % er einig i at turismen gjer sentrum meir levande.
- Innbyggerane peikar også på nokre utfordringar ved reiselivet, eksempel her er ;trafikkfarlege situasjonar, køar på vegane, skapar pressområde, presser opp bustadprisane, slit ned naturen, og forsøplar.

Pendling – Voss som regionsenter

Pendlinga kan gje Voss herad både utfordringar og mogelegheiter i arbeidet med å verta attraktivt regionsenter:

- + Tilretteleggjar me for auka pendling, kan dette gje oss nye innbyggjarar
- ÷ Pendlarane lyt kvar dag forhalda seg til dei utfordringane det ligg i å ferdast på rasutsatte strekkjer med veg og bane.

I 2023 pendla om lag 1616 personar ut av heradet for arbeid, medan 911 pendla inn.





Voss herad

HELSE

VOS2 ❖
❖ bygd for sterke opplevingar

Helse

- Levealderen er aukande. Dette indikerer at innbyggjarane har betre helse enn landsnivået.
- 71,9 % av vossingane opplever helsa si som god eller svært god
- Innbyggjarar som har bevegelse- eller utviklingshemming aukar (28% auking frå 2017 til 2022).
- Voss herad er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået når det gjeld del 17-åringar som er overvektige (25%). Dette ser ut til å halda seg stabilt.
- Del fysisk aktive min 30 min 4+ dagar i vekar er 23,9 % (omtrent som vestland)



310 per 1 000 innbyggjar har ***muskel og skjelett plagar***



25% av innbyggjarar som er 17 år er ***overvektig***



17,8% per 1 000 innbyggjar har ***hjarte- og karsjukdom***


Mental helse

- Einsemd og psykiske plagar i Vestland auka kraftig under Covid 19 og er framleis ikkje attende på 2018/2019 nivå.
- Innbyggjarar 0-74 år med psykisk symptom/lidingar er aukande (4,5% auking frå 2015 til 2020). For unge mellom 15-24 år er aukinga på 15%

([Kommunehelsa statistikkbank](#)).

- Del LHBTQ+ med dårleg psykisk helse er større enn blant heterofile på landsnivå

([Seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika, 2020](#)).






Voss herad

TIDLEG INNSATS OG FØREBYGGING



Førebygging

- Dess tidlegare ein investerer i barna sine liv, dess meir økonomisk avkastning gjev det. Dei økonomiske fordelane ved å investera tidleg i barna sitt liv og byggja ferdigheiter for fleire barn, fører til auka produktivitet og redusera dei samfunnsøkonomiske kostnadane.
- Til kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring er det laga eit kunnskapsgrunnlag som skildrar status og utfordringsbilete





Voss herad

Barnefattigdom på Voss og i Noreg

2017

12% i
Norge

9% i alderen
16 – 25 er
ikkje i arbeid
eller
utdanning

*Kjelde: folkehelseinstituttet,
kommunehelsa statistikkbank*

2019

2020

303 (10,4%)
barn i hushald
med vedvarande
låginntekt på
voss

Bufdir 2020

I risiko
211 barn i
hushald utan
yrkestilknyting

2022

16% bur
trongt på
Voss, 0-17 år



9% har
vedvarande
låginntekt
(alle aldrar)

10,2% i
Norge

*Kjelde: Folkelelsepil
2022, FHI*

I Noreg har tal barn i
familiar med
vedvarande låginntekt
auka frå 4% i 1999 til
11,7% i 2020
(Bufdir)

Vedvarande låginntekt




Voss herad ligg signifikant betre an enn landsnivået når det gjeld vedvarande låg inntekt i alle aldrar ([Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#)), ([Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)).



Voss herad

OPPVEKST OG LÆRING

VOS2
❖ bygd for alle ❖



Oppvekstprofil 2024

Kjelde: [FHI](#)

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet som helhet
- Variasjonen mellom kommunene i fylket
- De ti beste kommunene i landet


Trivsel på skulen

Trivsel heng ofte saman med meistring, læring og sosial støtte. Gode vennskap er kjelde til sosial og kjenslemessig støtte, det kan også beskytte mot mobbing og ekskludering.


Oversikta til høgre viser at majoriteten av elevane trivest på skulen. Likevel har utviklinga over tid gått i negativ retning. Særleg gjeld dette elevar på 10. trinn der me har dårlegare resultat enn landet elles. Det positive er at ein ser at pila byrjar å peike oppover for siste periode, frå 73% - 74%

Stoda i Voss herad skil seg ikkje markant frå utviklinga elles i landet. I Stortingsmelding 23 står det at det er ein auke i tal born og unge som ikkje trivs på skulen, gruar seg til å gå på skulen, skulkar skulen og har mindre motivasjon knytt til skularbeid. Samstundes ser me at tala knytt til mobbing aukar på alle trinn.

Hele landet, 7. trinn
Hele landet, 10. trinn
Voss, 7. trinn
Voss, 10. trinn




Tal frå nasjonale prøvar



Del elevar på lågaste meistringsnivå for lesing og rekning i 5. trinn. Tal frå nasjonale prøvar med treårig glidande gjennomsnitt. Voss herad har fleire elevar på lågaste meistringsnivå enn snittet i landet og Vestland. Delen har auka dei seinare åra ([Kommune.helse \(fhi.no\)](https://kommune.helse.no)).

Fråfall vidaregåande skule



Del som ikkje fullfører vidaregåande skule innan 5 år ([Kommunehelsa, 2020](#)). Fråfallsraten er 15% i Voss herad. Dette er 8 prosentpoeng lågare enn landssnittet ([Framtidsverktøyet](#)).





Voss herad

KULTUR OG FRIVILLIGHEIT

VOS2
❖ bygd for alle ❖

Norsk kulturindeks



Voss herad plasserer seg på 72. plass i Norsk kulturindeks. Plassering i dei ulike kategoriane er vist i figuren over.

Frivilligheit


I dag er det om lag 300 frivillige lag og organisasjonar i Voss herad.

På spørsmål om kva som motiverar dei mange til å bidra i frivillig arbeid får me fylgjande svar:

Under 30 år	30-44 år	45-59 år	60+
Ynskjer å vera til nytte (45%)	Ynskjer å vera til nytte 50%	Ynskjer å vera til nytte 56%	Ynskjer å vera til nytte 54%
Bra for eiga psykisk og fysisk helse (27%)	Brenn for ei sak (40%)	Brenn for ei sak (39%)	At frivilligheit har ein samfunnsverdi (42%)
Læra noko nytt (20%)	At frivilligheit har ein samfunnsverdi 38%	At frivilligheit har ein samfunnsverdi (39%)	At det er sosialt (38%)
Gir god arbeidserfaring (18%)	At det er sosialt (28%)	At det er sosialt (38%)	Bra for eiga psykisk og fysisk helse (26%)

Verdien av kulturlivet for Voss

- Konklusjon:
Umogleg å forklara utviklinga i Voss utan trivselsfaktoren
- Voss herad har dei siste åra hatt ein positiv befolkningsutvikling sett opp mot samanliknbare kommunar. Det er særleg gruppa barn og unge som har hatt ei relativ god utviklingstrend. Dette lar seg ikkje forklara med auka innvandring, eller styrka næringsliv.
- Voss herad har et fritidstilbud som kan sammenlignes med en mellomstor by og det er oppslutning om begivenhetene:
 - Blant frivillige
 - Blant innbyggere
 - Næringsliv
 - Kommune
- Voss herad har et stort mangfold av kulturaktivitetar, og fritidsmoglegheiter året rundt. Dette har stor tyding for trivsel.
 - Arrangementa forsterkar stoltheit og tilknytning
 - Tiltrekker seg nye innbyggjarar
- Det er totalen som er viktig for økt bustadsattraktivitet
 - Akkurat som tilbodet må være mangfaldig, er
 - Innbyggjarane sine preferansar mangfaldig






Voss herad

REGIONSENTER OG LEVANDE GRENDER

VOS2
❖ bygd for alle

Kor bur vossingane?

- Raundalen om lag 210
- Bordalen/ Gjernes om lag 480
- Evanger/ Bolstad om lag 580
- Bulken/ Dyrvedalen om lag 870
- Granvin om lag 1.050
- Bjørgum om lag 1.300
- Vossestrand om lag 1.300
- Sentrum om lag 10.000




Til saman er me nær 16.500 vossingar.

Den største massen bur sentralt, men det er spreidd busetting i heile kommunen.

Folketal i ulike senter

- I figuren er folketal i grunnkrinsane i Voss herad samla etter regionsenter, lokalsenter og nærsenter
- Boblene er justert etter tal innbyggjarar

V




Aldersfordeling grunnkretsar



Figurane viser alderssamnsetjinga i dei ulike områda i heradet.

Befolkningsstatistikk sentral busetting

- Kartet skisserer det mest sentrale området i Voss herad, og busettinga i dei ulike områda.



Bustadbehov i dag?

- Bustadmarknaden på Voss er prega av høg etterspurnad og avgrensa tilgang på sentrumsnære bustader
 - Mange sentrumsnære einebustader har dei siste åra blitt selt for langt over takst
 - Prisnivået på bustader har auka vesentleg. Pris per kvm for solgte bustader har auka frå ca 22 000 i 2018 til nær 28 000 kr i 2023
 - Voss manglar bustader for fyrstegongsetablererar
- Voss herad gir tilsagn på startlån på ca 35 mill.kr/år til personar som har vanskar med å få lån til bustad i bankane



Prisstatistikk Norge - Krogsvæn

Korleis vil me ha det i sentrum?

- Me skal ha viktige funksjonar og mykje aktivitet i og tett på sentrum. Det skal vera eit sentrum for både ung og gamal. Arenaer for både organisert og uorganisert aktivitet.
- Barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, idrettsanlegg, aktivitetspark, kollektivknutepunkt, offentlege tenester, handel og næring, friområde og kulturattraksjonar.
- Me skal satsa på berekraftig stadutvikling med sterk satsing på å utvikle sentrum. Den positiv utvikling i regionsenteret gjennom dei siste åra skal halda fram. Både enkeltstående prosjekt i offentlig og privat regi og samarbeidsprosjekt skal heia fram. Sentrumsplanen legg strategiske og langsiktige føringar for Vangen.
- Me skal strekke oss etter å vera eit førebilete.



Levande grender

Voss herad er ein stor kommune i areal, og har fleire sterke og levande grender i tillegg til eit sterkt regionsenter. Det er viktig å vidareføre identiteten til dei ulike grendene.

Grendene har ulik karakter, og ulike føresetnader for vidare utvikling. Det er eit mål å leggja til rette for ein sterk og tydeleg senterstruktur som sikrar gode tenester i heile heradet. For å styrka levande grender må historiske tradisjonar og verdiar sikrast, samstundes som det må leggjast til rette for utvikling.

Ein god arealstrategi er viktig for å samla funksjonar og service. Senterstrukturen skal samla tenestetilboda til innbyggjarane på best mogleg vis for ulike brukargrupper.

Kor folk bur og aldersfordeling etter grunnkretsar syner at utfordringar og behov vil vera ulikt i dei ulike grendene.



Tenestetilbodet i grendene

- Det vert tilbydd mange kommunale tenester i grendene i dag, som t.d. barnehagar, skular, heimeteneste, kommunale butilbod og liknande.
- I vurdering av kva tenestetilbod som skal tilbys i grendene i framtida må det bl.a. vurderast kvalitet på tenestene sentralt vs lokalt, etterspurnad, ressursbruk og om det er mogleg å rekruttera tilsette.
- I framtida må kommune og innbyggjarar/frivillige i større grad samarbeida om tiltak som sikrar god livskvalitet og gode levekår



Arealbruk



Areal dekket av veier
2025

6,29 km²



Areal dekket av bygninger
2025

2,67 km²



Hytter[Ⓜ]
2025

3 591 hytter




Bor på landbrukseiendom[Ⓜ]
2024

19 %

Ubebygget areal

Tall i km²



Kilde: Arealbruk og arealressurser, Statistisk sentralbyrå

Meir informasjon om arealbruk i kommunane:
[Vestland_arealrekneskap](#)



Voss herad

TRANSPORT OG INFRASTRUKTUR

VOS2
❖ bygd for alle

Transport og infrastruktur

Infrastrukturen er ei utfordring i Vestland fylke. Voss har eit fortrinn med å ha Bergensbanen som eit berekraftig transportalternativ. Utvikling av Bergensbanen har historisk vore ei avgjerande drivkraft for utvikling på Voss. Men Bergensbanen er og ein barriere som gjer det vanskeleg å skapa gode koplingar nord - sør i kommunen.

Både E16 og Rv 13 er viktige vegar tett på Voss. Vegane går gjennom heile kommunen og utgjer ein stor risiko, både knytt til ras og spesielt for mjuke trafikantar. Vegane kan og vera til hinder for vidare utvikling på grunn av at standarden er for dårleg for å få større belastning. Det er eit stort etterslep på vedlikehald og utbetringar av vegstandarden på vestlandet. Lokalt må Voss ha fokus på at utvikling av E16 og Rv 13 må løysa viktige lokale utfordringar og.

Utbetring av veg og bane, K5-prosjektet, mellom Voss og Bergen vil vere avgjerande for eit meir attraktivt pendralalternativ. Synergieffekt med å liggja tett opp til Bergen er viktig for vidare utvikling.



Type veg	Veglengd
Europaveg	87 km
Riksveg	84 km
Fylkesveg	211 km
Kommunal veg	311 km
Privat veg	694 km
Skogsveg	158 km

Kjelde: NVDB 2.1.2026

Kommunal veg

- Ein kommunal veg er ein offentleg veg der kommunen har ansvar for planlegging, drift og vedlikehald. Knytt til den kommunale vegen er det også ei rekkje vegobjekt:

295,7 km <u>køyrev</u> veg der 57 % har asfaltdekke	
11,3 km GS – veg	1660 vegljøs
10,1 km fortau	49 km rekkverk
120 bruer	800 Kummar/sluk
1 kai	Ca 3000 stikkrenner
5 tunnelar	1500 skilt (i tillegg kjem adresseskilt)
2000 m mur	10,3 km kantstein

- Voss herad har eit stort etterslep på drift og vedlikehald av kommunal veg

HOVUDPLAN VEG 2024-2031

VOSS HERAD



KV KV1069 Vangsgata



KV1321 Giljavegen



Snøbrøyting KV1069 Vangsgata



Båbrua

Vatn og avløp

- 11 vassverk + 1 reservevassverk for drikkevatt
 - 11 Renseanlegg for avløpsrensing
 - 17 Pumpestasjonar for pumping av vatn
 - 31 Pumpestasjonar for pumping av avløp
 - 12 Høgdebasseng for magasinering av drikkevatt
-
- Ledningsfornying Voss kommune år 2010 ca 1,2%. Landsgjennomsnitt 0,74% for vatn og 0,5% for avløp.
 - Hovudplan avløp legg føring for ledningsfornying av avløpsnett: [Hovudplan avløp](#)



Prosjekt «Myrkdalen VA»

Oppstart


- **2001** – Fyrste skiheis etablert
- **2010** – Kommunedelplan opne for 3400 fritidseiningar og 12000 besøkande – *krav frå statsforvaltar om å etablere eitt kommunalt RA for Myrkdalen*

Forprosjekt


- **2014** – Oppstart forprosjekt «Hovudplan VA Myrkdalen» - samarbeid med utbygger og Voss herad
 - RA 17500 PE, VBA – eit kommunalt VBA, leidningsanlegg: overtaking av hovudstammer i hyttefelt
- **2020** – Vedtatt i Formannskapet

Prosjekt

- **2022** – Oppstart prosjektorganisasjon i Voss herad
- **2023** – Justering av lokasjonar for RA og VBA
- **2024** – Vedtatt reguleringsplan, utsleppsløyve, dialog for erverv og entreprisetlysing
- **2029** – *Krav frå statsforvaltar for driftstart for nytt kommunalt RA*



TILLIT OG LOKALDEMOKRATI



Tillit og lokaldemokrati

Tillit i befolkninga heng saman med opplevinga av å tilhøyra og høve til å påverka omgjevnadane.


Valdeltaking kan nyttast som eit mål på deltaking og engasjement i samfunnet. Demokratiet byggjer på brei deltaking der innbyggjarane opplever å ha sine talspersonar i politikken.

Heile landet



4 341 850

Antall stemmeberettigede




Fremmøteprosent

Voss herad



12 615

Antall stemmeberettigede



Fremmøteprosent

Valdeltaking ved kommunevalet 2023.




Voss herad

KOMMUNEØKONOMI

VOS2 ❖
❖ bygd for alle


Kommunal styring

I KS sitt [framtidswerktøy](#) er Voss herad vurdert som ein kommune med god styring, dette vil seia at kommunen scorar nest best på alle indikatorar. Detaljar som ligg til grunn for indikatorane er demografi, økonomisk handlefridom, folkehelse, inntektsgrunnlag, regulerte areal, arbeidskraft, arbeidsmarknad, infrastruktur, buforhald, fritidstilbod, naturressursar og arealreserver.



Kommuneøkonomi

- Kommunen sine hovudinntektskjelder er:
 - Rammetilskot frå staten
 - Skatteinntekter frå innbyggjarane
- Driftsinntektene utgjer litt over 2 mrd.kr per år
- Driftsinntektene vert fordelt på utgiftsbehov i 15 tenesteområde
- Inntektene finansierer alt frå skular, sjukeheimar, legevakt, vatn og avløp, brannvern, byggdrift, kino, barnehagar, heimetenester m.m. Det vert samtidig planlagd for at me har litt meir inntekter enn utgifter, eit positiv netto driftsresultat.
- Nokre tenesteområde har hatt vesentleg meirforbruk over fleire år. Dette gjeld særskild omsorgstenestene, helsetenestene, grunnskule og barnevern.
- Samla sett har den økonomiske situasjonen blitt forverra dei siste åra. Voss herad har hatt negative driftsresultat sidan 2022. Det må jobbast med omstilling for å ha berekraftige tenester og redusera driftsutgiftene. Dette skal me gjera gjennom omstillingsprosjektet Voss iPluss2027.



Voss iPluss2027

- Kvifor?


- Me manglar folk til å utøva tenestene – må bruka dei me har rett
- Me brukar meir pengar enn me har tilgjengeleg
- Dersom me fortset som i dag tek det 1-2 år før sparekonto er tom
- Me vil skapa handlingsrom for nye tenester til innbyggjarane
- Unngå at me må gjera meir inngripande kutt og unngå at me må «springa fortare»

- Korleis?

- Prosjekt i alle tenesteområde for å:
 - For å ha eit nivå på tenestene som er berekraftig, så må me kan bruka ressursane me har betre
 - Redusera utgifter og auka inntekter
 - Gjera endringar innan effektivisering, struktur og kvalitet

- Kva?

- Redusera årlege utgifter slik at me når 1,75 % i driftsresultat innan utgangen av 2027
- Setta av midlar til investering
- Tenestene våre skal vera på rett nivå, ut i frå tilgjengelege ressursar og kvalitet



Finansielle måltal

- Finansielle måltal vert brukt til å planlegga for at Voss herad skal ha ein berekraftig økonomi
 - Netto driftsresultat seier noko om årlege driftsinntekter dekker årlege driftsutgifter
 - Disposisjonsfond seier noko om kor mykje me har i reservar (sparekonto)
 - Netto lånegjeld seier noko om kor mykje lån me har i høve inntekter som skal vera med å dekkja renter og avdrag

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Bud 2025
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-2,1 %	2,1 %	2,9 %	-1,0 %	-0,5 %	-1,4 %	-0,7 %
Netto driftsresultat	-30,3 mill.kr	27,9 mill.kr	45,9 mill.kr	-17,7 mill.kr	-9,3 mill.kr	-27,8 mill.kr	-15 mill.kr
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	4,6 %	4,2 %	7,8 %	5,0 %	4,5 %	2,6 %	1,6 %
Disposisjonsfond ved slutten av året	66,6 mill.kr	63 mill.kr	123 mill.kr	93,3 mill.kr	86,5 mill.kr	52 mill.kr	32 mill.kr
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	58,6 %	58,2 %	53,8 %	52,4 %	51 %	48,3 %	

Etter 2024 har Voss herad tre år med negativt driftsresultat og eit disposisjonsfond som er lågare enn tilrådd nivå.

Hovudutfordringane og økonomi

Klima og klimatilpassing



- Auka klimarisiko – meir ekstremvær – flaum, skred
- Klimatilpassing
- Midlar til klimatiltak

Vossingane




- Rekruttering
 - Manglar folk til faste stillingar og vanskar med å skaffa vikar
 - Dyre løysingar
 - Kan påverka kvalitet
- Demografi
 - Fleire eldre og meir tilflytting → auka etterspurnad eller tenester innan helse, velferd og skule
 - Fleire unge som har store tenestebehov
- Struktur kan vera fordyrande
- Treng rett og ny kompetanse

Utanforskap



- Me må få folk i arbeid
 - Stor vekst i utbetaling av sosial stønad
- Hindra utanforskap
 - Alle aldersgrupper
 - Barnefattigdom
 - Fråfall skulegang
 - Einsemd
 - Mental helse

Utvikling ressursbruk



Figuren viser utvikling i ressursbruk i Voss herad samanlikna med landsgjennomsnittet og korrigert for utgiftsbehov.

Utgifter til barnevern ligg godt over landsgjennomsnittet, men har gått noko ned.

Utgifter til sosial- og helsetenester har auka. Sosialutgifter har gått noko ned.

Me ligg under landsgjennomsnittet på ressursbruk i pleie og omsorg.

Kommunestruktur og interkommunale samarbeid

- I 2020 slo Voss kommune og Granvin herad seg saman og vart Voss herad
- Voss herad er stor nok til å ivareta mange oppgåver sjølv. Me er også svært sårbar då mange viktige oppgåver vert gjort av få nøkkelpersonar. Det er tøff konkurranse mot privatmarknaden i å få tak i kvalifisert personell og behalda dei.
- Kommunane hadde stått sterkare og vore betre rusta til å løysa mange oppgåver og utfordringar saman. Det kan difor bli aktuelt å vurderer endringar i kommunestruktur og interkommunale samarbeid framover.



Voss herad

RISKO, FLAUM OG SAMFUNNSTRYGGLEIK

VOS2
bygd for alle

Klimarisiko

Vestlandet er den landsdelen som er mest råka av ekstremvêr. Årsnedbøren er venta å auka med kring 15 prosent, og det er sannsynleg at episodar med kraftig nedbør vil auka både i intensitet og førekomst. Konsekvensane vil vera fleire og større regnflaumar og jord-, flaum- og sørpeskred, samt steinsprang. Samtidig aukar faren for stormflo, tørke om sommaren og snøskred ifylgje Norsk Naturskadepool. <https://www.naturskade.no/>

Klimarisiko Voss

Klimarisiko i Voss

Klimagassutslipp per innbygger:

5,4 tonn CO₂-ekv.

Største utslippskilde:



Veitrafikk

Prosjekter med grønn finansiering i KBN:

0 prosjekter

Klimagassutslipp unngått og redusert fra prosjektene:

N/A

Klimaendringer kan gi økt sannsynlighet for:



Kraftig nedbør



Regnflom



Jord, flom og sørpeskred



Stormflo

Flaum i Vossovassdraget

Vossovassdraget er komplekst med omsyn til flaumsikring. Vassdraget er langstrakt og rikt på vatn, og krev omfattande tiltak for å fjerne skadepotensialet i flaumsituasjonar.

Analysar av framtidig klima tilseier at flaumane vil stiga i intensitet og hyppigheit.

Flaumhendingar i ulike delar av vassdraget til ulik tid gjer tiltaksbiletet utfordrande.





<https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/flom-og-skredfare-i-din-kommune/faresonekart-kommuner/vestland/voss-kommune/>

<https://www.nve.no/naturfare/sikringstiltak/sikringsprosjekter/vossovassdraget-flaumsikring/>




Målestasjon 62.5 Bulken (Vangsvatnet)

Etablert januar 1892





Vannføring, versjon 1 Whole serie Day



Klimaframskriving

- Klimapåslag flaum + 40 %
- Auke i årleg nedbør +15 %
- Nedbør intensitet + 30 %
- Anbefalt dimensjonerande nedbør + 40 %

Vossevangen Q200 + 40 %



Venta prosentvis endring i flaumvassføring mot slutten av hundreåret (medianverdien for 200-årsflaum frå 1991–2020 til 2071–2100)

SANNSYNLEG AUKE



Kraftig nedbør

Det er venta at episodar med kraftig nedbør aukar vesentleg både i intensitet og frekvens. Dette fører til meir overvatn.



Regnflaum

Flaum som kjem av regn vert hyppigare og større. I mindre bekker og elvar må ein vente ei auke i flaumvassføringa. Mindre elvar kan finne nye flaumveggar.



Jord-, flaum og sørpeskred

Fleire jord- og flaumskred i samband med meir styrtregn, særleg seinsommar og haust. Fleire sørpeskred i høgareliggjande område.



Stormflod

Som følge av havnivåauking er det venta auke i stormflodnivåa.

MOGLEG SANNSYNLEG AUKE



Tørke

Førekomen av tørke aukar over store område. Tørre forhold i bakken i sommarsesongen.



Snøskred

Snøskred vert sjeldnare i låglandet. I høgareliggjande område ventar ein derimot fleire naturleg utløyste snøskred.



Isgong

Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgongar, tidlegare vårisgongar. Elver i låglandet kan verte isfrie.

SANNYNLEG UENDRA ELLER MINDRE



Snøsmelteflaum

Snøsmelteflaume vil komme stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret.

USIKKERT



Sterk vind

Truleg lita endring. Den mest ekstreme vinden er venta å auke litt, men endringa er liten i forhold til naturlege variasjonar.



Steinsprang og steinskred

Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypene. Fleire steinsprang og steinskred i område med permafrost som tiner.



Fjellskred

Auka nedbør og tining av permafrost kan påverke stabiliteten til ustabile fjellparti, men det er usikkert kor stor påverknaden vil vere.

Førebudd på flaum og skred

- Utfordringane knytt til flaum og skred er store og aukande, særleg på grunn av klimaendringane. Samfunnet må vera førebudde på at alvorlege hendingar kan skje.



Meld. St. 27

(2023–2024)

Melding til Stortinget

Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred






Voss herad

VEGVAL

VOS2
❖ bygd for alle

Framtidsscenario



Avhengig av om nasjonal vekst og strukturelle forhold er gode eller dårlige, og om Voss herad klarer å verta attraktiv som stad å bu og driva næring kan me ta ulike vegval:

- ❖ **"Slik vil me ha det"**: Eit attraktivt Voss i oppgangstider for Noreg.
- ❖ **"Me får det til"**: Eit attraktivt Voss i vanskelege tider nasjonalt.
- ❖ **"Me klarte det ikkje"**: Voss mislykkast i oppgangstider i landet.
- ❖ **"No er det krise"**: Voss mislykkast samstundes som det er vanskelege tider i Noreg.



Mental helse

Økonomisk kriminalitet

Demografi

Sosial ulikskap
Flaum

Ekstremvær

Kommunale bygg

Samarbeid for å nå måla

Folkehelse

Grøn omstilling

Knappe ressursar

Utanforskap

Kommune 3.0

Digitalisering

Rekruttera og behalda

Klimatilpassing

Interkommunale samarbeid

Naturkrise

Økonomisk handlingsrom

Naturmangfald

Integrering

Nedbygging av areal

Klima

Bustader

Miljøvenleg transport

Flyktningekrise

Vassøskulen

Kompetanse

Cyberkriminalitet

Utfordringsbilete Voss 2024 - 2027

Hovudutfordringar Voss 2024 - 2027

- Klima, miljø, natur og beredskap
- Vossingane – vekst, velferd og virke
- Utanforskap



Planstrategi (Pbl. § 10.1)

- Kommunal planstrategi skal utarbeidast og vedtakast politisk seinast eitt år etter at kommunestyret er konstituert.
- Planstrategien er eit hjelpemiddel for heradsstyret i arbeidet med å avklara kva planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møte dei behov og utfordringar kommunen har (både som samfunn og som organisasjon).
- Planstrategien er ikkje ein plan, men ei oversikt over kva nye planar som skal utarbeidast og kva planar me ynskjer å revidera.

Planstrategi 2024 – 2027 skal handsamast politisk i desember 2024



Planprogram for revisjon av kommuneplanen

- I samband med at me startar opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen er det utarbeida eit **planprogram** som skal leggjast ut til høyring og offentlig ettersyn.
- Å utarbeida planprogram er ei lovpålagt oppgåve, heimla i Plan- og bygningslova § 11- 13. Her står: *“For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres tilgjengelig på internett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.”*

Planprogram for revisjon av kommuneplanen skal handsamast politisk i desember 2024

<https://voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/planar-og-rapportar/kommuneplan/revisjon-av-kommuneplanen/>



PLANPROGRAM

KOMMUNEPLAN FOR VOSS HERAD
2025 – 2037

FPL - 57/24 Vedtak

1. Oppstart av arbeidet med ny kommuneplan vert varsla, jamfør Plan- og bygningslova § 11-12.
2. Vedlagte planprogram Kommuneplan for Voss herad (2025 - 2037) vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn, jamfør Plan- og bygningslova § 11-13.
3. Høyringsfrist vert satt til 23. oktober 2024.

Formannskapet vil peike på at heradet står overfor ei stor og viktig oppgåve når kommuneplanen skal rullerast i lys av nye miljø- og klimakrav og norsk matberedskap. I tråd med dette legg formannskapet til grunn at:

- Ein skal prioritere jordvern og vere open for nydyrking for å legge til rette for jordbruket i heradet og vere ein bidragsytar i den nasjonale matberedskapen. Det må gjerast ei ny vurdering av jordbruksland i sentrumsområde for å unngå omdisponering av matjord.
- Eit førande prinsipp i arbeidet med kommuneplanen er at ein så langt som råd skal tilbakeføra ubygde hytteområde som ligg i intakte, verdifulle og urørte naturområde, til LNF.
- I arbeidet med å definera arealnøytralitet er det viktig å sikra seg gode verktøy for å føra arealrekneskap.
- Det jobbast med å finne areal til motorsportsaktivitet.